



MØTEBOK

Møte: 2-2021
Møtedato: Onsdag 24.03.2021
Møtestad: Teams
Tid: 18.00

Desse var på med Teams-møtet:

John Olav Habbestad, Elisabeth Bjørnevik, Odd Ingvar Nilssen, Trygve Totland, Elin Taranger, Camilla Rubach, Asbjørn Gundersen, Hans Otto Robberstad og Trygve Leigland.

Desse var ikkje med på Teams-møtet og det var heller ikkje kalle inn vara:

Heidi Vold Ådnanes og Åse Innvær

John Olav Habbestad leia møtet.

Innkalling og saksliste vart godkjend.

2021-02-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Innkalling og saksliste godkjent.

2021-02-02 MØTEBOK

Møtebok 1-2021 godkjent.

Kommentar til oppstillinga av budsjettet at ein må hugse på midlar sett av til Bømlo kyrkje.

2021-02-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Ikkje aktuelt med partnerskap med kyrkjelyd/prosjekt i Polen. Marta Hamn trekkjer sin førespurnad.
2. Konfirmasjonskabalen 2021
Orienterte kort om saksgongen i avgjersla på konfirmasjonstidspunkt mellom vår og haust.
3. Korona-endringar
Orienterte kort om dei siste omstillingane i gudstenesteprogrammet som følgje av endra koronarestriksjonar.
4. Personale
 - Ny tilsett som teknikkar i Bremnes kyrkje
 - Fasteluker og KN film
5. Vedlikehald og drift
 - Flomlys Moster
 - Dårleg lukt våpenhus Moster
 - Beskjæring av trea ved Bremnes kyrkje
 - Køyreforbud på lastebilen. Det vart her kort drøfta forholdet mellom leige og eige.
 - Porten ved Bremnes kyrkje

6. Prosjekt
 - Vorland: Sjå eigen sak.
 - Kort orientering om status for oppgradering av Bømlo kyrkje. Deriblant informert om brannstrategi som no er på plass. Og drøftinga som er gjennomført ang. skillevegg eller modulvegg.
- Punkt 7 og 8 vart tilføyd i møtet:
7. Vart gjeve informasjon om at det ikkje har vore kontakt med Espevær bedehusapell for drøfting av leigepreis.
8. Vart orientert kort på slutten av møtet om skrivet frå Human Etisk Forbund og deira ynskje om at kommunen overtek gravferdsforvaltninga. Kyrkjevevja har vore i kontakt med kommunedirektøren som ikkje kjem til å fremja dette som ei sak til kommunestyret.

2021-02-04

OPPDATERT SKISSER PÅ UTVIDING AV VORLAND

Nokre moment i nye skisser vart gjennomgått, deriblant dekke på gangvegen i sørvest som går utanfor sjølve kyrkjegarden. Det var her gjeve støtte til kyrkjevevja sitt forslag om knust asfalt. Det var snakka kort om ein ynskjer å leggje til rette for urnegaver med eigne gravminner i kombinasjon med minnelunden med felles minnestein, eller om ein bere ynskter felles stein. Her var det ynskje om kombinasjon. Vidare vart ein gjort merksam på utfordringa med at gangveg i sørvest går rett inn i hovudvegen og at det her må på plass bom el. Det vart også snakka mykje om universell utforming der steintrappa i dag går opp til gravplassen frå parkeringsplassen.

Vedtak:

- 1. Fellesrådet godkjenner oppdatert skisser for utviding av Vorland gravplass.**
- 2. Fellesrådet ber kyrkjevevja så snart som råd få på plass eit fullverdig totalprosjekt slik at ein kan starta arbeider med utviding av ny gravplass.**

2021-02-05

ÅRSREKNESKAP 2020

Det vart teke ei enkel gjennomgang på rekneskapen og peika på nokre nøkkeltal. Deriblant netto driftsresultat, ubundne driftsfond og ubundne investeringsfond. Det vart også peika på nokre av årsakene til det store overskotet. Pensjons og arbeidsgivarbudsjetteringa m.m.

Vedtak:

- 1. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner rekneskapen for 2020 med atterhald om at revisjonen ikkje har merknadar.**
- 2. Fellesrådet vedtek å setje rekneskapsmessig mindreforbruk (817 218) på ubundne driftsfond.**

John Olav Habbestad
leiar

Trygve Leigland
kyrkjevevje